**Vedlegg 1**

## Handlingsprogram for mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2019, «Mot nye høgder»

Dei største utfordringane som er identifisert i innanfor dei tre kjerneområda, er:
*Leiing* - *spenningsforholdet mellom drift- og pedagogiske utviklingsoppgåver*
*Opplæring* - *variasjon i opplæringsmetodar og elev- og lærlingmedverknad*
*Fag- yrkesopplæring* - *styrke det 4-årige utdanningsløpet*

| **Satsingar**<br>Kvar satsing i handlingsprogrammet er i samsvar med kvalitetsmåla mot nye høgder. | **Handling/tiltak**<br>Etablering og iverksetjing av tiltak skal fremje kvalitetsmåla slik at ein reduserer dei største utfordringane i kjerneområda | | **Finansiering** |
|---|---|---|---|
| | **Skule** | **Bedrift** | |
| 1. Kvalitetsutviklingsgruppe[1] på dei vidaregåande skulane | • Skulen etablerer og tek i bruk kvalitetsutviklingsgrupper som del av oppfølging etter skulevurdering.<br><br>• Kvalitetsutviklingsgruppa er pådrivar og støttar skulen til å | | Ekstern finansiering gjennom statlege kvalitetsutviklingsmidlar til etablering og drift av kvalitetsutviklingsgruppa |

[1] Fylkesdirektøren vil i hovudutval for opplæring sitt møte i april, legge fram sak om etablering og drift/finansiering av kvalitetsutviklingsgrupper ved dei vidaregåande skulane.

| | | | |
|---|---|---|---|
| | "stå i" tiltaket frå start til resultat | | |
| 2. Skulevurdering | • Etablere system for jamleg skulevurdering kvart 4. år<br><br>• Vidareutvikle og ta i bruk analysekompetanse for at kunnskapsgrunnlaget vert nytta meir presist i skulevurdering | | Budsjettpost oppfølging av handlingsprogram |
| 3. Psykososialt læringsmiljø for elev og lærling | • To-årig prosjektstilling som skal arbeide med:<br>• kompetanseheving av alle som er i direkte kontakt med ungdomen<br>• å etablere gode, trygge og forutsigbare strukturar<br>• tverretaleg arbeid omkring ungdom si psykiske helse<br><br>• Nytte resultata av pågåande effektforsking på psykososialt | • To-årig prosjektstilling som skal arbeide med:<br>• kompetanseheving av alle som er i direkte kontakt med ungdomen<br>• å etablere gode, trygge og forutsigbare strukturar<br>• tverretaleg arbeid omkring ungdom si psykiske helse | Ekstern finansiering gjennom ny tilskotsordning «Tiltaksutvikling for Program for folkehelsearbeid i kommunane». |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | læringsmiljø som kunnskapsgrunnlag for tiltaksapparat på elevane sitt arbeidsmiljø | | |
| 4. Samfunnskontrakten | • Ta i bruk og følgje opp den etablerte nettverksstrukturen<br>• Utvikle dei fylkesdekkande og lokale nettverka som kjelde for kunnskapsdeling og kompetanseheving | • Ta i bruk og følgje opp den etablerte nettverksstrukturen<br>• Utvikle dei fylkesdekkande og lokale nettverka som kjelde for kunnskapsdeling og kompetanseheving | Budsjettpost oppfølging av handlingsprogram |
| 5. Auke kompetanse på faglege leiarar, instruktørar og prøvenemnder | | • Vidareutvikle prøvenemndene sine vurderingskriterium og dokumentasjonskrav og formidle desse til faglege leiarar, instruktørar og lærlingar<br>• Tilby fagleg oppdaterte kurs til faglege leiarar og instruktørar<br>• Skulere og gjere prøvenemndene tryggare på sensorrolla | Budsjettpost oppfølging av handlingsprogram |

